



LINDÅS KOMMUNE  
Kvernhusmyrane 41  
5914 ISDALSTØ

Dato: 08.04.2019  
Vår ref.: 2019/107-17  
Saksbehandlar: rutornh  
Dykkar ref.:

Marit Gro Berge

## Tilskot til interkommunale bibliotekprosjekt 2019 - Underretning om tildeling

Vi viser til søknaden dykkar om tilskot til Interkommunale bibliotekprosjekt 2019

Hordaland fylkeskommune, Utval for kultur, idrett og regional utvikling, har i møte 19.03.2019, politisk sak 40/19 vedteke å tildele dykk 40000 kr i tilskot.

### Grunngjeving:

Det kom inn 7 søknader, og 5 har fått støtte. I vurderinga er det tatt omsyn til talet på kommunar som søker saman, i kva grad tiltaket vil styrke samarbeidet, auking av formidlingskompetanse og om tiltaket resulterer i arrangement i biblioteka.

Fylkesrådmannen si innstilling vart vedteke, sjå politisk sak: 40/19

Vedlegg med individuell grunngjeving:  
Vedlegg Politisk Sak KIRU 40/19.

### Vilkår for tilskotet - Oppfølging, rapportering og kontroll

- Tilsegnsmottakar skal rapportere og sende inn rekneskap innan 3 månader etter at tiltaket er gjennomført.
- Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha høve til å setja i verk kontroll med at midlar vert forvalta som føreset. Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha rett til dei dokument og opplysningar ein finn påkravd for sin kontroll.
- Gjennom aktivitetar, informasjonsmateriale mv skal det gjerast tydeleg at Hordaland fylkeskommune er tilskotsgjevar. Dokumentasjon av dette skal leggest ved rapport.
- Om ein har opne, publikumsretta arrangement er det ein føresetnad at tilskotsmottakar aksepterer og nyttar ordninga med følgjekort for funksjonshemma. Funksjonshemma som kjøper billett skal då ha rett til gratis billett til sitt følgje.
- For fagleg oppfølging og vurdering må dei som søker om tilskot til arrangement på førespurnad kunne gje akkreditering til inntil 2 representantar frå Kultur- og idrettsavdelinga.
- Tiltaket skal gjennomførast på den måten og i det tidsrom som går fram av søknaden. Eventuelle vesentlege endringar i prosjektet må meldast skriftleg til sakshandsamar for vurdering og godkjenning. Dersom prosjektet vert avlyst, utsett eller vesentleg endra, kan heile eller deler av tilskotet krevjast betalt attende.

### Utbetaling

Utbetaling av tilskot skjer i hovudsak gjennom elektronisk faktura i EHF-format.

Elektronisk fakturaadresse: **9908:938626367**

Aksesspunkt: Visma

Saksnummer: 2019/107

Ressursnummer: 10169

Beløpet vil bli utbetalt når Hordaland fylkeskommune har mottatt og handsama EHF-faktura med korrekt merking med saksnummer og ressursnummer.

Dersom de ikkje har høve til å sende elektronisk faktura i EHF-format, kan de sende e-post til [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no) der de stadfester at prosjektet går som skissert i søknaden, og at de aksepterer tilskotet med dei føringane som ligg føre. Merk e-posten med saksnummer 2019/107. Det kan då ordnast med alternativ utbetaling.

De har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt, og eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

### Rapportering/rekneskap

Rapporten skal sendast til [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no) **merka med saksnummer 2019/107** innan 3 månader etter at tiltaket er gjennomført. Rapporten skal gje ein kortfatta skildring av:

- Når og kor tiltaket vart gjennomført og korleis dette vart gjort.
- Eventuelle avvik frå vilkåra med nærare grunngjeving.
- Eventuelle avvik frå søknadsgrunnlag (planar/budsjett) med grunngjeving

Dersom rapport/rekneskap i samsvar med krava ikkje vert levert innan fristen, vil det vere eit brot på vilkåra for tildelinga.

### Klage/partsinnsyn

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Hordaland fylkeskommune, [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no) merka *Klage – 2019/107*. Klage må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør kultur og idrett

Ruth Ørnholt  
fylkesbiblioteksjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg

1 Tilskot til interkommunale bibliotekprosjekt 2019